



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 27.09.2019
Vår ref.: 2019/12764-4
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.:

Bom på sideveg - Uttale frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til dykkar brev datert 18 juni til fylkeskommunane angående Innstramming av bruk av bom på sideveg. Fylkesutvalet handsama sak om dette i møte 19. september, og gjorde slikt vedtak i PS-sak 181/2019:

1. «Fylkesutvalet er samd i at bom på sideveg bør unngåast, og berre førekomme der det er naudsynt for å realisere hovudprosjektet og for å unngå store konsekvensar for trafikktryggleik og miljø grunna omfattande trafikklekkasje til sideveg.
2. Fylkesutvalet viser til tidlegare analysar av Statens Vegvesen som viser til at det kan bli stor trafikklekkasje om ikkje vedtekte bommar på sideveg vert realiserte for prosjekta E39 Svevatjørn – Rådal og Rv 555 Sotrasambandet. Fjerning av bommane vil kunne føre til sterkt svekka måloppnåing ved at trafikkarbeidet ikkje blir redusert, at framkomsten i mindre grad vert betra, lågare reduksjon i ulukker og fortsatt støy og forureining langs gamleveggen. Det vil også gje meir slitasje på omklassifisert fylkesveg som igjen vil auke behovet for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet. Bortfall av bompenginntekter vil også føre til auka takstar og/eller lenger bompengperiode. Fylkesutvalet meiner at det difor ikkje er grunnlag for å endre bomplassering på desse to sambanda.
3. Garantivedtaka i fylkestinget til E39 Svevatjørn- Rådal og til Rv 555 Sotrasambandet er gitt med føresetnad om bom på sideveg. Om denne føresetnaden blir fjerna, bryt dette med fylkestinget og Stortinget sine føresetnader for godkjenning av prosjekta. Fylkeskommunen kan i så fall ikkje lenger stille som garantist for bompengelåna.
4. For framtidige prosjekt må det framleis vere mogleg å innføre bompengar på sideveg når trafikklekkasjen vil kunne redusere moglegheita for samfunnsøkonomisk måloppnåing for ny veg og for å kunne finansiere hovudprosjektet. Fylkesutvalet viser i denne samanheng til NTP 2018-2029 der prosjekta E16 Arna –Voss og E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset ligg inne med delvis bompengfinansiering. For desse prosjekta vil bom på sideveg med all sannsynlegheit vere naudsynt for å realisere prosjekta og for den samfunnsøkonomiske måloppnåinga som prosjekta skal realisere. Vidare analysar må klargjere om dette også er naudsynt for E134 Seljestad-Røldal-Vågslid.»

De finn saksframlegg og protokoll på

<https://einnsyn.hfk.no/elInnsyn/DmbHandling/Details/16180?sourceDatabase=>

Matti Torgersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest